

Dei fleste har flyfoto på veggen!

08.07.2009



Norrønafly tok dette biletet i 1960 frå Brekketoppen mot Beinavikjø. (Ungdomslagsarkivet)

Dei fleste også i bygda vår har flyfoto på veggen, gjerne frå 1950-og 1960-talet. Bjørgulv Eik (416 21552) og Kristian Bringedal (915 31487) er interessert i å få samla inn eit utval av desse for utstillinga 23. august i Bygdetunet Rød. Difor bør ein ikke nøla med å ta kontakt med dei.



Frå Brekketoppen mot Halsane i 1954. (Ungdomslagsarkivet)


Dette kan bli eit spanende gjensyn med bygda slik ho var i perioden 1950/1970. Men invitasjonen gjeld også foto som er teke seinere hvis dei syner ei bygningshistorisk utvikling.



Kapteinsgården - truleg på 1950-talet (Ungdomslagsarkivet)

Fleire flyselskap tok flyfoto også av Uskedalen, men også her stod Widerøe og seinere Fjellanger Widerøe sentralt. Telemark Flyselskap og Norrønafly var også aktive her i kommunen.

Widerøe sin flyfotohistorie er særleg spanende, den starta umiddelbart etter at selskapet vart starta av pioneren Viggo Widerøe i 1934. Men det var særleg på 1950- og 1960-talet selskapet gjorde ein stor fotoinnsats og tok bilete av store deler av landet. Til dømes var målsettinga å ta bilete av alle gardsbruk,



[Mot Flatholm, Neset og Beinavikjo - truleg rundt 1955.](#)

Det er opplyst at selskapet har teke rundt tre millionar bilete. I forbindelse med ein omorganisering for nokre tiår sidan selde Fjellanger Widerøe sine skråfoto til kommunane, Ein av dei kommunane som slo til var Bømlo, som kjøpte 1.000 fotos i 1983. Dei er seinere lagt ut på nettet saman med andre fotosamlingar.



I 1990 tok Fjellanger Widerøe dette vertikalfotoet av Uskedalen.

Det er slett ikke berre bileta av gardar i Uskedalen som det no er interessant å henta inn til utstillinga. Kva har til dømes skjedd i dei sentrale delene av bygda? Og kva med dei ymse verksemdene?
Av Ola Matti Mathisen